# Ryveteran-info nr. 1 - 2013

www.ryveteran.no




## Onsdag 6. februar kl 1900

Ivar Eie orienterer om helikopter trafikken til Nordsjøen. Så bør det bli litt tid til å snakka om klubbsaker. Aktuelt her kan vera fordeling av utgifter/inntekter ved kjøreoppdrag. Og koss me skal motivera fleire til å stilla opp på «faste» oppdrag.

## Medlems-kort




I sist info blei det gjort greie for avtalte medlemsfordeler klubben har forhandla fram. For å få desse, må ein visa gyldig medlemskort.
Medlemskort blei delte ut til dei som møtte på julebordet - men alle skal få. Kort blir også delte ut på komande medlemsmøte.
- Men me har ikkje lyst å bruka pengar på å senda korta i posten...
Fint derfor om du tar kontakt for å få ditt kort. Eller møter på klubbmøtet onsdag 6. februar.

**Plan for styremøtene:**

20.02. – 20.03. – 24.04. – 22.05

**- i tilfelle du har saker som du meiner styret bør ta tak i!**

GRASROTANDELEN

Før opp org.nr. 994 773 186



NR 8 • 50. ÅRGANG
ONSDAG 30. JAN. 2013
LØSSALG KR. 20.-

AVISA FOR STRAND, FORSAND OG HJELMELAND

Strandbuen

» Vakt: ROAR LARSEN, MOB. 400 08 750

Hjelmeland: JOHN PETTER NORDBØ, MOB. 907 37 184

# Gammel sliter må hjem

**Strand kommunes første brannbil må hjem. Hangaren på Sola hvor bilen har stått de siste år, skal selges. Nå lurer kommunen på om veteranbilforeningen kan være interessert i å overta kjøretøyet.**

JENS BJØRHEIM
jens@strandbuen.no

Det er i høyeste grad et stykke kulturhistorie som nå må ut på flyttefot. Det er snakk om Strand kommunes aller første brannbil.

Det var i august 1948 at man i kommunen første gang hørte snakk om dette kjøretøyet. I et brev til herr ordfører Ivar Eie, skriver brannvesenet at man er kommet i forbindelse med et firma som kan levere en ny, liten brannbil med fastmontert motorsprøyte. Denne motorsprøyten drives av motoren og har en kapasitet på 1000 til 1500 liter per minutt. Det opplyses videre i brevet at bilen har drift på alle fire hjul og at den kan kjøre med en

**KOMMER HJEM:** Her er Strand kommunes første brannbil. Nå må den ut fra hangaren på Sola hvor den har stått de siste årene og man planlegger en retur til hjemkommunen.

**Styret har stilt seg positiv til utspelet frå Strand kommune om å ta vare på den gamle brannbilen. Me vil nå drøfta vilkår for dette med ordføraren. I utgangspunktet ønskjer me ikkje at dette fører til utgifter for klubben. Og me vil at bilen skal behalda blålys og sirene!**
Fleire detaljar om opplegget får me koma tilbake til når meir er avklart. Men klubben og kommunen må ha felles interesse av å ta vare på den kulturhistoria som ligg i den gamle brannbilen frå 1943.

# Sjøormløpet 2013



Lunsj ved Vinjar skule i Suldal - her frå 2010.

**Årets Sjøormløp er sett til lørdag 29. juli. Det har før vore fyldig påmelding frå klubben. Og opptur til Seljord har blitt ein kulturfaktor. Bildet viser den faste stoppen for**
Påmelding må den enkelte stå for sjøl ved å betala startkontingenten ( kr 400.-) til Vest-Telemark motorhistoriske klubb, kontonummer 2711.07.14802. Gi info om kjøretøyet ditt ved innbetalinga. Ein kan også melda seg å ved start på Dyrskuplassen lørdag morgon. Ein får startnummer etter som ein melder seg på. Festmiddag og premieutdeling skjer på Morgedal Hotel. Men me har samla oss på Seljord Hotel og hatt eigen festmiddag fredagskvelden. Som tidligare år er det her bestilt 10 rom til klubben.
**Dei som alt nå veit at dei vil delta i år, kan melda seg til Magnar.**

Print to PDF without this message by purchasing novaPDF (http://www.novapdf.com/)